

Eksamen

23.11.2018

RLV2003 Etablering og drift

Programområde: Reiseliv

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	<p>Ein føreset bruk av pc/datamaskin, inkludert bruk av tekstbehandlingsprogram, til dømes Word.</p> <p>Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.</p>
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva blir det lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none">• I kva grad du har nådd måla i læreplanen• At du kan knytte saman teori og praksis• At svara dine har ein fagleg grunngjeving <p>Spesielt for denne oppgåva:</p> <ul style="list-style-type: none">• Du skal kunne vurdere forutsetningane for utvikling av eit reiselivsprodukt• Du skal kunne kome med grunngjevne forslag til tiltak som sikrar ei berekraftig utvikling• Du skal ha kjennskap til trendar innan reiselivsnæringa, og du skal kunne vurdere produkt opp mot desse trendane• Du skal kunne vurdere ulike selskaps- og samarbeidsformer i reiselivsnæringa• Du skal kunne gjera greie for aktuelle lover og regler

Per og Kari har begge fullført utdanninga si innan hotellnæringa. Per med fagbrev i resepsjonsfaget og Kari med fagbrev i kokkfaget. Etter nokre år som tilsette ved eit hotell på Vestlandet ønsker dei nå å følge draumen sin, og drive sitt eige hotell. Dei har funne ei lita perle av eit hotell i Årdal, som dei vurderer å kjøpe. Årdal ligg inst i den vakre og verdskjente Sognefjorden. Per og Kari ønsker å vere mest mogleg førebudd som kommande hotelleigarar, og erfarer at det er mykje dei ikkje har kjennskap til når det gjeld hotelldrift.

Per og Kari kontaktar deg for å få litt meir informasjon om hotelldrift og kva dei spesielt må ta omsyn til. Du har fagbrev i resepsjonsfaget, og vidareutdanning i hotelleiing. Du er i dag dagleg leiar ved hotellet som Per og Kari har hatt læretida si i, og har god kjennskap til hotelldrift.

Oppgåve 1

Gjer reie for kva formelle lovar og reglar Per og Kari må ta stilling til når dei skal drive eit hotell.

Oppgåve 2

Per og Kari ønsker å drive eit hotell der dei tilbyr eit produkt som møter dagens trendar, og som i tillegg framstår som miljøvennleg og berekraftig.

- a) For å møte dagens konkurranse er det viktig at dei følger nøye med på reisetrendar og behov som gjesten etterspør. Kva dagsaktuelle trendar meiner du Per og Kari bør vurdere som aktuelle for dette hotellet. Ta eigne føresetnadar ved behov, og grunngi svaret ditt.
- b) Per og Kari ønsker at hotellet skal framstå som eit miljøvennleg hotell. Kom med forslag til konkrete tiltak som Per og Kari kan setje i gang for at hotellet skal drive miljøvennleg.

Oppgåve 3

Per og Kari veit at det er vanskeleg å nå ut til marknaden utan at dei inngår samarbeid med andre aktørar og/eller organisasjonar. Ta utgangspunkt i teori om samarbeidsformer i reiselivsnæringa, og vurder kva aktørar/organisasjonar som kan vere aktuelle for Per og Kari å samarbeide med. Grunngi svaret ditt.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	<p>Det forutsettes bruk av pc/datamaskin, inkludert bruk av tekstbehandlingsprogram, for eksempel Word.</p> <p>Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.</p>
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven blir det lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none">• I hvilken grad du har nådd målene i læreplanen• At du kan knytte teori og praksis• At svarene dine har en faglig begrunnelse <p>Spesielt for denne oppgaven:</p> <ul style="list-style-type: none">• Du skal vurdere muligheter for å utvikle bærekraftige reiselivsprodukt• Du skal kunne komme med begrunnede forslag til tiltak som sikrer en bærekraftig utvikling• Du skal ha kjennskap til trender innen reiselivsnæringen, og du skal kunne vurdere produkt opp mot disse trendene• Du skal kunne vurdere ulike selskaps- og samarbeidsformer i reiselivsnæringen• Du skal kunne gjøre rede for aktuelle lover og regler

Per og Kari har begge fullført sin utdanning innen hotellnæringen, Per med fagbrev i resepsjonsfaget og Kari med fagbrev i kokkfaget. Etter noen år som ansatt ved et hotell på Vestlandet ønsker de nå å følge drømmen sin, og drive sitt eget hotell. De har funnet en liten perle av et hotell i Årdal, som de vurderer å kjøpe. Årdal ligger innerst ved den vakre og verdenskjente Sognefjorden. Per og Kari ønsker å være mest mulig forberedt som kommende hotelleiere, og erfarer at det er mye de ikke har kjennskap til når det gjelder hoteldrift.

Per og Kari kontakter deg for å få litt mer informasjon om hoteldrift og hva de spesielt må ta hensyn til. Du har fagbrev i resepsjonsfaget, og videreutdanning i hotelledelse. Du er i dag daglig leder ved hotellet som Per og Kari har hatt læretiden sin i, og har god kjennskap til hoteldrift.

Oppgave 1

Gjør rede for hvilke formelle lover og regler Per og Kari må forholde seg til når de skal drive et hotell.

Oppgave 2

Per og Kari ønsker å drive et hotell der de tilbyr et produkt som imøtekommer dagens trender, og som i tillegg framstår som miljøvennlig og bærekraftig.

- a) For å møte dagens konkurranse er det viktig at de følger nøye med på reisetrender og behov som gjesten etterspør. Hvilke dagsaktuelle trender mener du Per og Kari bør vurdere som aktuelle for dette hotellet. Ta egne forutsetninger ved behov, og begrunn svaret ditt.
- b) Per og Kari ønsker at hotellet skal framstå som et miljøvennlig hotell. Kom med forslag til konkrete tiltak som Per og Kari kan igangsette for at hotellet skal drive miljøvennlig.

Oppgave 3

Per og Kari vet at det er vanskelig å nå ut til markedet uten at de inngår samarbeid med andre aktører og/eller organisasjoner. Ta utgangspunkt i teori om samarbeidsformer i reiselivsnæringen, og vurder hvilke aktører/organisasjoner som kan være aktuelle for Per og Kari å samarbeide med. Begrunn svaret ditt.



www.vigoiks.no/eksamen